



**KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

**Møtedato: 01. februar 2018**

Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen

Kl.: 08.30 – 11.10

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem) og Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen)

Innkalla: Rådmann Martin W Kulild (til sak 04, og 05)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Øyvind Bratshaug, Aslaug Aalen og Morten Klementsens (vara ikkje innkalla grunna sein melding om forfall)

**01/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Behandling i møte:**

Sak 4 og 5 vert handsama før sak 3

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**02/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 16.11.2017

**Saksopplysningar:**

Morten Klementsens var i møteboka oppført både som til stades og med forfall. Klementsens hadde forfall til møtet.

**Behandling i møte:**

Anne Marie Skurtveit hadde også forfall til møte den 16.11.17, vara var ikkje innkalla

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 16.11.2017 er godkjent med endring av frammøte.

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 16.11.2017 er godkjent med endring av frammøte.

### 03/18 Skriv og meldingar

#### Saksvedlegg:

- a) gkrs: Notat – Kommunesammenslåinger
- b) Fellesnemnda - Framlegg til fråsegn til fylkesmannen – økonomiplanar
- c) Fylkesmannen i Hordaland. Rapport tilsyn med Lindås kommune, Nordhordland legevakt 2017. Orientering om tiltak for oppfølging

#### Saksopplysningar:

##### ***Vedtak i fellesnemnda 15.01.18 Fråsegn til fylkesmannen - økonomiplanar***

*Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen*

*Fellesnemnda meiner at de vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.*

*Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.*

*Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinera arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:*

- *Investeringar og behov i Alver kommune*
- *Gebyr- og betalingsattsar*
- *Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.*

***Fylkesmannen i Hordaland. Rapport tilsyn med Lindås kommune, Nordhordland legevakt 2017. Orientering om tiltak for oppfølging***  
Tilsynsrapporten sendt ut som vedlegg til saka.

#### **Behandling i møte:**

Sekretæren orientere om tiltak som Lindås kommune planlegg å setje i verk for å lukke dei påpeika avvika i tilsynsrapporten for Nordhordland legevakt.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### 04/18 Orientering om status for administrasjonen sitt arbeid med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport av barnevernstenesta

#### Saksvedlegg:

\*Tilrådingar vedkomande rapport forvaltningsrevisjon «*Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016*» - Nordhordland Revisjon IKS

\*Brev datert 18.01.2018 - stila til Nordhordland Revisjon - vedkomande oppfølging av tilrådde tiltak i forvaltningsrapporten.

\*Rutinehandbok for fosterheimsarbeidet i Meland kommune (revidert 2017)

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjonsrapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte den 23.05.17, sak 23/17. Kommunestyret handsama rapporten i møte den 14.06.17 under sak 81/2017 med slik samrøystes vedtak:

**KS - 81/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Kommunestyret ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann, og ber om statusrapport på dette arbeidet innan utgangen av 2017. Kommunestyret ser det som viktig at kontrollutvalet følgjer opp rapporten.

Ein gjennomgang av status for administrasjonen si oppfølging av rapporten var sett på sakskartet i kontrollutvalsmøte den 16. 11.17 (sak 51/17), men saka vart då utsett.

Til dette møte var rådmannen førespurt om å gje ei orientering om følgjande:

- Status for barnevernet generelt og kva status er / vidare planar for oppfølging av dei tilrådde tiltaka i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016»
- Informasjon om prosess, tidsplan og bemanning for samanslåinga av eit felles barnevern for Radøy, Lindås og Meland og fokusområde /planar for utvikling av barnevernstenesta gjennom den nye organiseringa

Barnevernstenesta har teke omsyn til dei tilrådingane som forvaltningsrapporten peika på. I vedlagt brev, datert 18.01.18, til saka er det gjort greie for kva endringar som er gjennomført. Rutinehandboka for fosterheimsarbeidet i Meland kommune er revidert i samsvar med dette.

**Behandling i møte:**

Rådmann Martin W Kulild møtte i saka. Han orienterte om korleis ulike tilrådde tiltak i forvaltningsrapporten er følgt opp (jmf. brev og revidert rutinehandbok). Etter rådmannen si vurdering er påpeika avvik og tilrådde tiltak no lukka.

Rådmannen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen orientere også om gjennomføringa av prosjekt felles barnevern.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning Særutskrift av saka vert å senda kommunestyret til orientering

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning Særutskrift av saka vert å senda kommunestyret til orientering

## 05/18 Orientering om ivaretaking av ulike kommunale roller ved byggesaker

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har motteke ein førespurnad vedkomande klage i ei byggesak, som er under handsaming i kommunen. Førespurnaden ligg utanfor kontrollutvalet sitt mandat/arbeidsområde. Fylkesmannen er klageorgan ved slike saker.

Til møte var rådmannen førespurt om å gje ei orientering om kva praksis / organisering kommunen har for å skilje mellom og ivareta ulike roller som

- forvaltningsmyndighet (saksbehandlar)
- tiltakshavar for eigne prosjekt i kommunen

### Behandling i møte:

Rådmann Martin W. Kulild orienterte om korleis kommunen er organisert i dag og kva planar ein har ved etablering av ny kommune.

Leiar las opp framlegg til svarbrev på motteken henvendelse til kontrollutvalet om klagesak.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

Kontrollutvalet godkjenner framlegg til svarbrev på motteken henvendelse i saka.

## 06/18 Fylkesmannen :Tilsyn med introduksjonslova i Meland kommune 2017

### Saksvedlegg:

Fylkesmannen i Hordaland –Tilsynsrapport:  
Tilsyn med introduksjonslova i Meland kommune 2017

### Saksopplysningar:

Fylkesmannen har gjennomført tilsynet i perioden mai – september 2017.

Fylkesmannen har i sin rapport konkludert positivt for dei problemstillingar som låg til grunn for tilsynet og har ikkje avdekkja noko brot på regelverket.

### Samandrag

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Meland kommune sin forvaltning av introduksjonslova. Temaet har vert avgrensa til introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd om individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogram. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har bestemt at dette skal vere nasjonalt tilsynsystema for perioden 2017–2019. Fylkesmannen har i tilsynet kontrollert om kommunen oppfyller dei plikter dei er pålagde i lov eller i medhald av lov. Det rettslege grunnlaget er omtala i rapporten.

Kommunen skal utarbeide ein individuell plan for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet, jf. introduksjonslova § 6. Den individuelle planen skal vere eit verktøy både for kommunen og for deltakaren. Den skal sikre planmessigheit, kontinuitet og effektiv framdrift av kvalifiseringa. Planen er meint til å auke eigarskapen og motivasjonen til deltakaren.

Fylkesmannen har i sin rapport konkludert positivt for dei problemstillingar som låg til grunn for tilsynet og har ikkje avdekkja noko brot på regelverket.

#### 4.1.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Vi meiner at kommunen sitt vedtak om introduksjonsprogram og einskildvedtaket om individuell plan oppfyller krava til einskildvedtak i forvaltingslova.

#### 4.2.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at planen er individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren.

#### 4.3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at den individuelle planen inneheld start på programmet, tidsfasar og ein skildring av tiltaka i programmet.

#### 4.4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at den individuelle planen vert tatt opp til vurdering minst kvar 6. månad og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon.

#### 4.5.3 Fylkesmannen sin vurdering og konklusjon

Fylkesmannen finn det synleggjort at vesentlege endringar i den individuelle planen vert fastsett som einskildvedtak. Fylkesmannen merkar seg likevel at tida mellom vedtak om mellombels stans, ny oppstart og nytt vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet er noko lang.

## 5. Brot på regelverket og merknader

Som det går fram av kapittel 4 har Fylkesmannen ikkje funne brot på regelverket i tilsynet.

### **Behandling i møte:**

Leiar orienterte kort om saka.

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til orientering og ser det som positivt at kommunen har eit godt system og ei god oppfølging innan dette tenesteområdet

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til orientering og ser det som positivt at kommunen har eit godt system og ei god oppfølging innan dette tenesteområdet

## 07/18 Kontrollutvalet si årsmelding for 2017

### Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding 2017 for kontrollutvalet

### Saksopplysningar:

Sekretariatet sitt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2017 var sendt ut med innkallinga. Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

### Behandling i møte:

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til framlegget.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtok kontrollutvalet si årsmelding for 2017 slik den ligg føre.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2017 slik den ligg føre

## 08/18 Oppfølging - folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland 2018

### Saksopplysningar:

Medlemar frå kontrollutvalet deltok den 29.-30. januar 2018 på folkevaldopplæringa for kontrollutvala i Hordaland. Eit tema under konferansen var: *Kommunesamslåing – prosess og konsekvensar for kontrollutval og revisjon.*

### Behandling i møte:

Leiar orienterte om drøfting under konferansen med dei andre leiarane i Radøy og Meland, om behov og tema for eit felles møte hausten 2018 for kontrollutvala i kommunane som skal slå seg saman.

### Framlegg til vedtak:

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning.  
Leiarane planlegg i fellesskap dette møtet.

## 09/18 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

### Behandling i møte:

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

**10/18 Oppfølging – innspel til kontrollutvalet – Uoff.**

Kontrollutvalet vedtok å lukke møte under handsaminga med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

**Saksopplysningar:**

Leiar orienterte om eit motteke innspel til kontrollutvalet i møte den 16.11.17 under sak 54/17. Det vart vedteke å føreta ei nærmare vurdering av saka i neste møte.

**Behandling i møte:**

Leiar orienterte om bakgrunn for saka.  
I møtet vart det lagt fram eit framlegg til svarbrev.  
Saka vart drøfta.

**Framlegg til vedtak:**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner framlegg til brev.  
Leiar i kontrollutvalet sender svarbrev på motteke innspel i saka.

**11/18 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå NAV/flyktningerådgjevar om arbeidet etter gjennomført introduksjonsprogram

NB !! Neste møte i kontrollutvalet er endra i høve tidlegare vedteken møteplan  
Ny møtedato er fastsett til 5. april 2018 kl 08.30.

Saker til neste møte:

- Rekneskap og årsmelding 2017
- Forvaltningsrevisjonsrapport – vedtaksoppfølging
- Orientering frå NAV/flyktningerådgjevar

Frekhaug, torsdag 1. februar 2018

Kåre Skibenes /leiar



Øivind Olsnes/sekretær

